

VEDLEGG



**DET KONGELEGE  
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Energi og miljøkomiteen Stortinget  
Karl Johansgt 22  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
21/1165-

Dato  
22. april 2021

**Om representantforslag 182 S (2020-2021) om å avslutte statens arbeid med marint vern av fjordarmen Børgin i Trondheimsfjorden**

Eg viser til brev av 13. april 2021 frå Stortingets energi- og miljøkomite om representantforslag frå stortingsrepresentantane Marit Arnstad og Heidi Greni om å avslutte statens arbeid med marint vern av fjordarmen Børgin i Trondheimsfjorden.

Representantane foreslår følgjande:

*"Stortinget ber regjeringa ta innvendingene fra Inderøy og Steinkjer kommuner til følge og avslutte arbeidet med opprettelse av marint verneområde i Børgin etter naturmangfoldloven § 39 for godt."*

Fjordarmen Børgin i Trondheimsfjorden var eitt av 36 område som blei peika ut av eit breitt samansett rådgivande ekspertutval som kandidatområde i marin verneplan frå 2004. Området er foreslått verna på grunn av særlege naturtilhøve som mellom anna gir ei spesiell samansetting av artar. Området er også viktig som referanseområde for forskning og overvaking, mellom anna blir området brukt til forskning i regi av Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU).

Regjeringa la 9. april 2021 fram Meld. St. 29 (2020–2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur*. Meldinga er no til behandling i Stortinget. I meldinga peikar regjeringa på er det eit nasjonalt mål at eit representativt utval av norsk natur skal bli bevart for kommande generasjonar. Marint vern etter naturmangfoldlova skal bidra til at eit utval av representative, særleine, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir tekne vare på for framtida. Områda skal – saman med areal som er beskytta etter anna lovverk – danne eit nettverk av

verna og beskytta område som skal ta vare på økosystem og naturverdiar. Områda skal dekkje variasjonsbreidda i norsk marin natur.

I meldinga legg regjeringa til grunn at arbeidet med marin verneplan frå 2004 skal halde fram, samstundes som vi skal starte arbeidet med å supplere planen med nye område. Eit sentralt punkt er at regjeringa vil sørge for god involvering av sektorstyresmakter, fylkeskommunar, kommunar og andre lokale interesser i dette arbeidet.

Forslag om vern av Børgin blei send til Klima- og miljødepartementet første gong i 2016. Verneprosessen har tatt lang tid nettopp fordi vi har vore opptatt av og tatt oss tid til å lytte til lokale innspel i saka. Det har mellom anna vore eit lokalt ønske å sjå nærare på tilhøvet til utvikling rundt kommunesenteret ved Straumen. I juli 2020 fikk Miljødirektoratet i oppdrag å vurdere dette, irekna spørsmål knytt avgrensing av verneområde og behov for dispensasjonsreglar. Vi bad vidare Miljødirektoratet ta kontakt med dei aktuelle kommunane, fylkeskommunen og statsforvaltaren som ein del av dette arbeidet.

Eg er kjend med at Miljødirektoratet har tatt kontakt med Inderøy og Steinkjer kommunar for vidare samarbeid i denne saka. Siktemålet er å finne gode, lokalt forankra løysingar som tek omsyn til både dei unike naturverdiene i Børgin og mellom anna ønsket om lokal næringsutvikling. Frist for tilbakemelding i saka blei først sett til 1. april 2021, men er seinare utsett til 15. juni 2021. Eg venter difor at saka kjem tilbake på mitt bord før sommaren og vil då vurdere forslaget ut frå dei løysingane som då blir foreslått.

Representantane viser til at miljøtilstanden i Børgin er god og meiner dette viser at kommunal forvaltning av kystsona er tilstrekkeleg i dette tilfellet. Eg vil i denne samanhengen understreke at området ikkje blir vurdert verna etter naturmangfaldlova fordi kommunane ikkje gjer ein god nok jobb. Ei god kommunal forvaltning av kystsona er avgjerande for miljøtilstanden i havet og langs kysten. Områdevern etter naturmangfaldlova er eit verkemiddel som kjem i tillegg til og verkar i samspel med ei god kommunal forvaltning.


Vidare er kommunane også sentrale i forvaltninga av marine verneområde. For område som ligg innanfor ein einskild kommune blir kommunen normalt forvaltningsstyresmakt dersom den ønskjer det. Verneområde som ligg i fleire kommunar, slik som i dette tilfellet, blir normalt forvalta regionalt av statsforvaltaren, medan kommunane deltar i eit rådgivande utval for forvaltningsstyresmakta.

Til slutt vil eg understreke at det ikkje er slik at det meste av aktivitet er forboden i marine verneområde. Hensikta er å verne slike område mot mellom anna framtidige fysiske inngrep som kan skade verneverdiane. Forslag til verneforskrift legg opp til at aktivitet som går føre seg i dag kan fortsette. Friluftsliv, ferdsel, vanleg fiske m.v., som ikkje minst vil vere sentralt for lokal næringsutvikling, vil også vere lov. Når det gjeld annan aktivitet som inneber nye inngrep, inneheld forslag til verneforskrift både såkalla spesifiserte og ein generell regel for å søke forvaltningsstyresmakta om dispensasjon frå vernereglane. Forvaltningsstyresmakta vil gi dispensasjon dersom verneverdiane ikkje vil bli nemneverdig påverka av det aktuelle

søke forvaltningsstyresmakta om dispensasjon frå vernereglane. Forvaltningsstyresmakta vil gi dispensasjon dersom verneverdiane ikkje vil bli nemneverdig påverka av det aktuelle inngrepet. Om det i dette tilfellet trengst ytterlegare presiseringar i reglane for dispensasjon er som nemnd også noko Miljødirektoratet no skal sjå på i samråd med mellom anna kommunane.

Eg meiner på denne bakgrunn at dette er ikkje er riktig tidspunkt for å drøfte stans av verneprosessen for Børgin. Derimot er dette eit godt tidspunkt for at lokale aktørar deltar i arbeidet med å finne gode løysingar for dette særeigne fjordområdet.

Med helsing



Sveinung Rotevatn